



Bakgrunn for vedtak

# Uttak av vatn og regulering av Kaldbergsvatnet

Heim kommune i Trøndelag fylke

Tiltakshavar Lerøy Midt AS  
Referanse  
Dato 22.02.2022  
Ansvarleg Gry Berg  
Sakshandsamar Bård Andreas Selstad Ottesen

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

## Innhald

1	SAMANDRAG .....	1
2	SØKNAD.....	3
3	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING.....	6
4	NVE SI VURDERING .....	10
5	NVE SIN KONKLUSJON .....	17
6	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK.....	17
7	EKSPPROPRIASJON .....	17
8	MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA .....	19
9	ANDRE FORHOLD .....	21
10	VEDLEGG.....	22

### 1 Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn og regulere Kaldbergsvatnet i Heim kommune.

Lerøy Midt AS søker om formalisering av eksisterande uttak av vatn frå Kaldbergsvatnet for bruk til landbasert akvakulturanlegg i Hønsvika i Heim kommune i Trøndelag. Det har vore uttak av vatn frå Kaldbergsvatnet til bruk i landbasert oppdrett i Hønsvika sidan 1986. I 2008 gjorde NVE ei vurdering av konsesjonsplikt ut frå eit planlagt månadleg vassuttak på mellom 20 l/s og 54 l/s (1200 l/min og 3200 l/min). Det vart ikkje definert noko eintydige reguleringsgrenser for Kaldbergsvatnet, men avtale med grunneigarar tilsa at uttak av vatn generelt ikkje skulle overstige naturleg tilrenning. Berre ved spesielle tilhøve skulle det kunne gjerast ei avgrensa nedtapping inntil 50 cm under normal vasstand. Det var ikkje lagt opp til slepp av minstevassføring. NVE vedtok ut frå dette grunnlaget at anlegget ikkje trong konsesjon etter vassressurslova § 8, men at konsesjonsplikta måtte vurderast på nytt dersom vassuttaket vart auka.

Lerøy Midt søker no om konsesjon til uttak av vatn frå Kaldbergsvatnet og seinking av Kaldbergsvatnet med inntil 1,5 m. Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 118 l/s (7,1 m<sup>3</sup>/min), med eit samla uttak over året på 2,6 mill. m<sup>3</sup>/år, som utgjør eit gjennomsnittleg uttak over året på 82 l/s (4,92 m<sup>3</sup>/min). For dei periodar der tilsiget til Kaldbergsvatnet er lågare enn vassforbruket i anlegget vert det søkt om å kunne seinke Kaldbergsvatnet mellom HRV på kote 126,0 og LRV på kote 124,5. Det er ikkje lagt opp til slepp av minstevassføring.

I 2018 vart det lagt ny vassleidning frå Kaldbergsvatnet til settefiskanlegget langs ein ny landbruksveg. I samband med dette vart det også etablert to inntak på ulike djupn i Kaldbergsvatnet for å kunne styre temperaturen på inntaksvatnet. Ein lausmasseterskel i utløpet av Kaldbergsvatnet vart oppgradert i samband med legging av ny vassleidning i 2018. Desse inngrepa vart ikkje behandla etter vassressurslova.

**Heim kommune** er positiv til formalisering av vassuttaket frå Kaldbergsvatnet. **Statsforvaltaren i Trøndelag** meiner at det bør etablerast minstevassføring i Kaldbergelva, og at gytemoglegheitene for fisk i Kaldbergsvatnet må sikrast. Dei meiner og at gamal røytrase må fjernast. **Trøndelag fylkeskommune** ber NVE vurdere om det er eit alternativ å demme opp innsjøen meir, for å få ei høgare minstevassføring. Fylkeskommunen meiner at Lerøy Midt AS saman med Heim kommune har ansvar for at miljømålet for Kvennhusbekken/Kallbergelva blir nådd. **Grunneigarane** er delt i synet på utbygginga, men dei fleste av uttalane er imot utbygging/utviding av anlegget. **Eirik Oterholm, Reidar Nisja** og **Trygve Hestenes** meiner at ei vidare regulering av Kaldbergsvatnet gir store negative verknadar for bruk av området og utøving av fiske. Dei er sterkt i mot planane. **Einar**

**Oterholm** viser til avtale mellom grunneigarar og Aakvik Settefisk. Han har ikkje innvendingar til søknaden dersom dei fysiske vilkåra for uttak av vatn og regulering av Kaldbergsvatnet blir i samsvar med dei vilkåra som er omtala i avtalen frå 2007.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Lerøy Midt sitt anlegg vil gi produksjon av rogn og yngel og bidra til auke i verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta til landbasert oppdrett sidan 1986. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE vurderer ut frå høyringsuttalane og erfaring med regulering av Kaldbergsvatnet, at dei største ulempene er knytt til regulering av innsjøen. Dette gir negative verknader for friluftsliv og bruk av området. NVE vurderer at ei auke i regulering frå dagens 0,5 m til ei regulering på 1,5 meter, i stor grad vil påverke allmenne interesser. NVE meiner at noko auke i reguleringa til ei regulering på 0,75 meter kan akseptast for å styrke reguleringskapasiteten. NVE vurderer samstundes at maks uttak ikkje bør vere høgare enn 82 l/s for å ha tilstrekkeleg magasinkapasitet ved ei regulering på 0,75 meter.

Tiltaket sin verknad for biologisk mangfald er også vektlagt. Det vandrar ål (EN) opp i vassdraget. Med ei reguleringshøgde på 0,75 m, vurderer NVE at det vert overlaup over dammen som vil sikre opp- og nedvandring av ål. NVE meiner at den beste løysinga for å sikre at ål kan vandre vil vere å prøve å oppretthalde høg vasstand i Kaldbergsvatnet, slik at ein får godt med overløp i nedbørsperiodar. Å halde høg vasstand vil også vere positivt for friluftinteressene. Difor vil ikkje NVE setje krav til slepp av minstevassføring.

Med føresetnad om noko redusert reguleringshøgde og uttak av vatn, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptast.

**NVE meiner at den omsøkte reguleringa av Kaldbergsvatnet er stor, og at fordelane ved tiltaket ikkje overstig skadar og ulemper for allmenne interesser. NVE meiner at ved å avgrense reguleringa av Kaldbergsvatnet til 0,75 meter og avgrense største uttak av vatn til 82 l/s, vil konfliktgraden bli redusert og kravet i vassressurslova § 25 vil då vere tilfredsstilt.**

**Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane, med ei redusert regulering og eit redusert vassuttak i høve søknaden, er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Midt AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Kaldbergsvatnet. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.**

## Søknad

NVE har mottatt følgende søknad frå Lerøy Midt AS, datert 06.12.2019:

*«Lerøy Midt AS ønsker å utnytte vannet i Kaldbergsvatnet i Halså kommune, Møre og Romsdal til stamfisk og produksjon av rogn og yngel, og søker med dette om følgende tillatelser:*

*Etter Vannressurslova jf. § 8, om tillatelse til:*

- å ta ut inntil 118 l/s vann fra Kaldbergsvatnet og et maksimalt gjennomsnittlig uttak over året på 82 l/s til Lerøy Aakvik rogn og stamfisk*
- å regulere Kaldbergsvatnet mellom LRV på kote 124,5 og HRV på kote 126*

*Lerøy Midt vil forsøke å oppnå enighet med alle grunneiere og rettighetshavere for tiltaket, men i de tilfeller enighet ikke oppnås søkes det om følgende tillatelse:*

*Etter Oreigninslova jf. § 2, nr. 54:*

- Om samtykke til ekspropriasjon av manglende rettigheter dersom det ikke oppnås minnelig avtale mellom søker og rettighetshaver*

*Nødvendige opplysninger framgår av vedlagte dokument.»*

Søkjær har den 05.09.2020 i kommentarar til høyringsuttalane skrive følgende:

### **«Vedrørende ekspropriasjon**

*Det er en misforståelse at søker skal ekspropriere seg til rettigheter i Kaldbergsvatnet. Som det fremgår av søknaden med vedlegg foreligger det avtaler på uttak av vann mellom søker og grunneiere. Det blir ikke omsøkt andre rettigheter enn hva som allerede foreligger. I den grad søknaden medfører en endring så gjelder denne en svakt økt maksimalkapasitet for vannuttak. Begrepet ekspropriasjon er tatt med av hensyn til eventuelle krav om avtaler med grunneiere langs Kaldbergselva. Det foreligger ikke avtaler gjeldende Kaldbergselven per i dag og ingen grunneiere har fremsatt krav om avtaler gjeldende elven fra Kaldbergsvatnet.»*

NVE vurderer ut frå dette at det ikkje er naudsynt å behandle søknaden om ekspropriasjon då dei privatrettslege forholda synast å vere avklart. Om dette ikkje stemmer, og det ikkje lukkast å forhandle seg fram til minnelege avtalar, må spørsmålet om ekspropriasjon takast opp på nytt.

## 2.1 Hovuddata frå søknad for Lerøy Midt AS sitt akvakulturanlegg i Hønsvika

### TILSIG

Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	4,2
Årleg tilsig til inntaket	mill.m <sup>3</sup>	6,1*
Spesifikk avrenning	l/(s·km <sup>2</sup> )	46
Middelvassføring	l/s	194
Middelvassføring tørrår**	l/s	113
Alminneleg lågvassføring	l/s	26
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	20
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	39

### SETTEFISKANLEGGET

Inntak	moh.	126,0
Avlaup	moh.	3,0

Lengde på påverka elvestrekning	km	3,3
Lengde på vassleidning	km	2,8
Vassleidning, diameter	mm	315 x 2
Maksimalt vassuttak	l/s	118
Gjennomsnittleg uttak gjennom året	l/s	82
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	0
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	0
Maksimalt tal yngel	stk.	400 000

### **MAGASIN KALDBERGSVATNET**

Magasinvolument	mill. m <sup>3</sup>	0,95
HRV	moh.	126,0
LRV	moh.	124,5

\*Tilsig utan uttak til akvakulturanlegget, men inkludert uttak av 9 l/s til Halsabygda vassverk

\*\*2014

## **2.2 Om søkjar**

Lerøy Midt AS avd. Aakvik er ein del av Lerøy Seafood Group. Konsernet Lerøy Seafood Group kan spore sine aktivitetar tilbake til slutten av 1800-talet. Konsernet har sidan 1999 investert betydelege midlar i ulike nasjonale og internasjonale verksemdar og har dei seinare åra utvikla seg til å bli eit av verdas største sjømatkonsern, med hovudvekt på atlantisk laks og aure. Havbruksverksemda sysselset ca. 1 250 personar i Noreg.

Lerøy Midt AS har 57 akvakulturkonsesjonar og ein betydeleg vidareforedlingskapasitet. Selskapet produserer årleg 22 mill. smolt og har dei seinare åra hausta ca. 50 000 - 70 000 tonn atlantisk laks pr. år.

Lerøy Aakvik tar inn stamfisk for produksjon av rogn og yngel, og produserer ca. 400 000 yngel kvart år som går vidare til selskapet sine settefiskanlegg. Det vert kvart år landa 7 - 8 000 stamfisk som vidare gir ein produksjon av opp mot 90 millionar rogn. Det har vore drive landbasert akvakulturanlegg i Hønsvika sidan 1986, og anlegget har i dag 11 årsverk.

## **2.3 Skildring av området**

Anlegget er plassert i Hønsvika på austsida av Halsafjorden i Heim kommune, ca. 5 mil aust for Kristiansund. Tiltaksområdet ligg på ei halvøy mellom Halsafjorden, Vinjefjorden og Skålvikfjorden på Nordmøre. Det er veg og spreidd busetnad med ein del hytter i eit belte nær fjorden rundt heile halvøya. Ved Halså på sørsida er det ein del landbruksområde. Halvøya er skogkledd og består av låge, avrunda åsar, myrparti og nokre få vatn. Det største vatnet på halvøya er Kaldbergsvatnet. I nedbørfeltet til Kaldbergsvatnet ligg også det mindre Bjørnavatnet som er nytta som drikkevasskjelde for Halsabygda Vassverk. Det går veg opp til Kaldbergsvatnet frå aust der det ligg nokre hytter. Kallbergselva er ca. 3,5 km lang og går gjennom myr, skogsområde og nokre mindre område med dyrka mark. Det går ein landbruksveg langs dei nedre delane av Kallbergselva. Bortsett frå hyttene i austre del av Kaldbergsvatnet og på eit par av holmane i vatnet er det ikkje bygningar i nærleik til vassdraget.

## **2.4 Eksisterande inngrep**

Bjørnavatnet som ligg i nedbørfeltet til Kaldbergsvatnet har vore regulert som drikkevasskjelde for Halsabygda Vassverk sidan 1970-tallet. Vassverket har eit gjennomsnittleg vassuttak på 9 l/s, noko som gir tilsvarande redusert vassføring i Bjørnavassselva som er innlaupselv til Kaldbergsvatnet. Ved Kaldbergsvatnet ligg vassbehandlingsanlegget til vassverket. Vassbehandlingsanlegget har ein kapasitet på 17 l/s. Det er etablert veg opp til Kaldbergsvatnet, og i lia langs den austre delen av

Kaldbergsvatnet, frå Bårset. I tillegg er det veg opp til Kaldberget i Kallbergsdalen frå Halsavegen i nord. Det er også eit nettverk av traktorvegar knytt til skogdrift både sør og nord for vatnet. Dagens anlegg for rogn og stamfiskproduksjon vart etablert som settefiskanlegg i 1986. Det vart då etablert ein låg lausmasseterskel i utløpet av Kaldbergsvatnet og lagt ein nedgraven røyrleidning ned til anlegget ved fjorden. I 2018 vart det lagt ny vassleidning frå Kaldbergsvatnet til settefiskanlegget langs ein ny landbruksveg. I samband med dette vart det også etablert to inntak i Kaldbergsvatnet for å kunne styre temperaturen på inntaksvatnet ved å etablere eit inntak i overflata og eit inntak djupare i vatnet.

## 2.5 Teknisk plan

### 2.5.1 Regulering

Kaldbergsvatnet blir nytta som reguleringsmagasin. Magasinkurva er berekna ut frå eit gitt areal ved kote 126 på 0,674 km<sup>2</sup>, og oppmålt areal ved kote 130 på 0,816 km<sup>2</sup>. Arealet er lineært ekstrapolert for senking under kote 126. HRV er kote 126,0, LRV på kote 124,5. 1,5 m regulering svarar til eit volum på ca. 0,95 mill. m<sup>3</sup>.

### 2.5.2 Overføring

Det er ingen overføringar i feltet.

### 2.5.3 Inntak

Det ligg eit inntak på 17 m djup i Kaldbergsvatnet, og eit inntak som kan regulerast mellom 2-17 m djup. Ved oppstart av anlegget i 1986 vart det etablert ein enkel lausmasseterskel i utløpet av Kaldbergsvatnet. Denne vart oppgradert i samband med legging av ny vassleidning i 2018.

### 2.5.4 Vassveg

I 2018 vart det lagt ny vassleidning frå Kaldbergsvatnet til settefiskanlegget langs ein ny landbruksveg. Det ligg i dag to nedgrave 315 mm røyrleidningar på ca. 2850 m frå Kaldbergsvatnet ned til anlegget i Hønsvika. Vassførande kapasitet vart endra ved legging av nye røyr i 2018. Tidlegare var teoretisk makskapasitet 7 m<sup>3</sup>/min. Noverande teoretisk makskapasitet på røyra er 14 m<sup>3</sup>/min. Ny kapasitet er fordelt på to uavhengige vassleidningar med kapasitet for tilførsel av det totale vassbehovet, slik at anlegget kan velge kva vassleidning som til ei kvar tid vert nytta. Dette gir større forsyningssikkerheit og det gir større rom for å styre temperaturen på inntaksvatnet. Anlegget kan tilførast djupvatn med låg temperatur og overflatevatn med høgare temperatur på same tidspunkt.

### 2.5.5 Veg

I 2018 vart det bygd ny landbruksveg frå Hønsvika til Kaldbergsvatnet av grunneigar Svein Aakvik (Gnr. 14. Bnr. 1). Vegen er bygd etter gjeldande krav for etablering av skogsbilveg for uttak av tømmer. Vassrøyra er plassert i skogsbilvegen.

### 2.5.6 Arealbruk

Kaldbergsvatnet har eit areal ved HRV på kote 126,0 på 0,674 m<sup>2</sup>. Kallbergselva er ca. 3,3 km lang. Terskelen i utløpet er ca. 0,3 x 10 m. Anna arealbruk omfattar vassleidningen og sjølve anlegget ved Hønsvika som er behandla av kommunen etter plan- og bygningslova og vert ikkje omfatta av denne søknaden.

## Forholdet til offentlege planer

### 2.5.7 Kommuneplan

Kaldbergsvatnet med nedbørfelt og Kallbergsdalen ligg hovudsakeleg i LNF-område. Bjørnavatnet sitt nedbørfelt ligg i restriksjonssone for nedbørfelt for vassverk. Søraust for Kaldbergsvatnet ligg eit område med LNF-område til spreidd utbygging. På vestsida av Kallbergselva sitt utløp i fjorden ligg eit område som er avsett til hyttebygging. Fjorden utanfor Kallbergselvas utløp er avsett til akvakultur.

### 2.5.8 Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje del av verneplan for vassdrag.

### 2.5.9 Nasjonale laksevassdrag

Lenger inne i fjorden er Halsafjorden del av nasjonale laksefjordar. Tiltaksområdet er ikkje del av nasjonale laksefjordar eller nasjonale laksevassdrag.

### 2.5.10 EU sitt vassdirektiv

Kaldbergsvatnet har antatt god økologisk tilstand som er i tråd med miljømålet for 2021, og ukjent kjemisk tilstand. Det er ikkje registrert tiltak på vassførekomsten i Vann-nett. Kallbergselva (Kvennhusbekken i Vann-Nett, vassdragsnummer 113-47-R) er klassifisert med moderat økologisk tilstand på grunn av fråføring av vatn. Miljømålet for 2021 er satt til god økologisk tilstand, men det er ikkje foreslått tiltak for å nå miljømålet. Det er satt risiko for ikkje å nå miljømålet, men risikoen er usikker på grunn av manglande data.

## 3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 07.10.2020 saman med representantar for tiltakshavar, Trøndelag fylkeskommune, Statsforvaltaren, grunneigarar og hytteeigarar/privatpersonar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine egne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

**Heim kommune** behandla saka i Formannskapet den 25.08.2020.

Formannskapet sitt vedtak:

*«Heim kommune viser til høring av søknad om uttak av vann og regulering av Kaldbergsvatnet i Heim kommune i Trøndelag. Vi forutsetter at omsøkt vannuttak og regulering ikkje endres i forhold til dagens situasjon.*

*Heim kommune er positiv til formalisering av vannuttaket fra Kaldbergsvatnet til fordel for Lerøy Midt AS avd. Aakvik gjennom konsesjon etter vannressursloven.»*

**Statsforvaltaren i Trøndelag (den gong Fylkesmannen)** meiner ut frå generell kunnskap om vassmiljø og forvaltningspraksis at det bør etablerast minstevassføring i Kallbergelva, dette for å unngå uttørking og kunne oppretthalde eit vassmiljø heile året.

**Trøndelag fylkeskommune** viser til at det finnast aure i Kallbergselva, truleg også sjøaure i nedre del av elva, og det er difor naudsynt å sikre minstevassføring i bekken. Fylkeskommunen viser til at det er tvilsamt om ein når god økologisk tilstand (GØT) utan ganske mykje vatn. Fylkeskommunen ber difor NVE vurdere om det er eit alternativ å demme opp innsjøen meir, for å få ei høgare minstevassføring.

Då kan ein få ei meir stabil vassføring i bekken, samtidig som settefiskanlegget får nok vatn. Fylkeskommunen meiner at Lerøy Midt AS saman med Heim kommune har ansvar for at miljømålet for Kvennhusbekken/Kallbergselva blir nådd. Då må det skaffast til rette eit godt nok datagrunnlag som gir tilstrekkeleg kunnskap til å sette inn dei nødvendige tiltaka for å betre vassførekomsten. Alternativt bør vassførekomsten klassifiserast som SMVF.

**Mattilsynet** forventar at tiltaket vert vurdert opp mot framtidens behov for drikkevatt i området. Elles har Mattilsynet ingen vesentlege innvendingar til søknaden.

**Eirik Oterholm** eig to holmar ved Kaldbergsvatnet med ei hytte på ein av dei. Han viser til historisk utvikling kring Kaldbergsvatnet og til manglande oppfølging frå NVE og kommune. Eirik Oterholm viser til at Lerøy Aakvik sin bruk av vatnet har ført til at vasstanden vert redusert betydeleg i sommarmånadane, og at fiskebestanden i vatnet har hatt ei negativ utvikling som følge av regulering av Kaldbergsvatnet. Reduksjonen i fiskebestanden har redusert gleda ved fiske i vatnet og bruk av hytta betydeleg. Reguleringa av Kaldbergsvatnet har ført til ei betydeleg visuell ulempe – etter kvart som vasstanden går ned vert det avdekka ein myrliknande botn rundt øyar som mellom anna gjer bading lite attraktivt. Endring i vasstand har også praktiske ulemper med omsyn på eksempelvis henting av vatn, transport, båtopptrekk osv.

Eirik Oterholm meiner Lerøy Aakvik sitt uttak av vatn frå Kaldbergsvatnet utvilsamt har redusert verdien på hytteeigedommen og holmane hans. Dersom selskapet skulle få løyve til å redusere vasstanden med ytterlegare 100 cm, vil dette bety at hytteholmen vil bli landfast i periodar. Eirik Oterholm meiner Lerøy Aakvik AS må få avslag på konsesjonssøknaden, samtidig som selskapet sine rammeløyve som låg til grunn for vedtak om konsesjonsfritak frå 2008 må revurderast.

**Einar Oterholm** har gitt uttale på vegne av grunneigarane som er med på avtale datert 16.08.2007 mellom grunneigarar og Aakvik Settefisk AS. Dei har ikkje innvendingar til søknaden frå Lerøy Midt dersom dei fysiske vilkåra for uttak av vatn og regulering av Kaldbergsvatnet blir i samsvar med dei vilkåra som er omtala i avtalen frå 2007.

**Reidar Nisja** er eigar av ein fritidseigedom som ligg på ein holme i Kaldbergsvatnet. Reidar Nisja vil ikkje akseptere uttak av vatn frå Kaldbergsvatnet som senkar eller aukar vasstanden ut over det som naturen sjølv sørgjer for med sitt naturlege overlaup. Skulle vatnet bli tappa ned med 1,5 meter vil fritidseigedommen bli ubrukeleg då dei vil miste tilgang til den. Dette på grunn av djupneforholda, då det må nyttast båt for å komme til eigendommen. Kaldbergsvatnet er eit grunt aurevatn, skulle vatnet bli tappa ned med 1,5 meter vil truleg auren forsvinne samt resterande dyre og fuglevil bli negativt påverka.

**Trygve Hestenes** har gitt uttale på vegne av eigarane av eigedommen «Rabben». Trygve Hestenes og dei andre eigarane av eigedommen er av den oppfatning at konsesjonssøknaden frå Lerøy Midt manglar ein god grunngevingnad forankra i eit reelt behov for å auke uttaket av vatn frå Kaldbergsvatnet, samt at dei negative økologiske konsekvensane i Kaldbergsvatnet som følge av endringar i vassnivå er undervurdert av konsesjonssøkjjar. Dei stiller også spørsmål knytt til berekning av det hydrologiske grunnlaget. Dei meiner at det ved ein eventuell konsesjon må stillast strenge krav til søkjjar når det gjeld loggføring av vassforbruk og vassnivå i Kaldbergsvatnet. Det må også opprettast ei permanent måleinnetning som gjer det mogleg å kontrollere høgdenivået i Kaldbergsvatnet, og der HRV kote 126 er offisielt godkjent målt til å vere øvre kant av overløp ved utløpet. Det vert også vist til at normalvasstand må fastsettast før ein kan fastsette HRV/LRV i ein konsesjon. Normal vasstand må derfor målast av godkjent instans og settast ut frå det gamle vassmerket avsett i berg. Dette må gjerast i samarbeid med grunneigarar. Dei meiner at konsesjonssøkar sitt ynskje om ekspropriasjon av rettigheter ikkje skal imøtekommast.

#### **Søkjjar sine kommentarar til høyringsuttalane**

Søkjjar har i brev av 05.09.2020 kommentert høyringsuttalane.

**«Kommentar til høringsuttalelse fra Eirik Oterholm, Trygve Hestenes og Reidar Nesja**  
Uttalelsene inneholder bl.a. eldre informasjon/påstander som søker ikke kjenner til og ikke har anledning til å etterprøve. Søker har lov til å bruke vann fra Kaldbergsvatnet og har benyttet seg av denne retten siden 1985. Produksjonen som Lerøy Midt AS avd. Aakvik (heretter omtalt «søker») gjennomfører med vann fra Kaldbergsvatnet berører ikke allmenne interesser i en slik grad at det er nødvendig med konsesjon etter vannressursloven § 8.

Hva angår søkers innvirkning på fiskebestanden i Kaldbergsvatnet så har søker finansiert undersøkelser av vannet med hensikt å lage kunnskapsbasert plan for ivaretaking av dyreliv og fiskebestand i Kaldbergsvatnet. Viser til rapport fra NINA «Status for fiskebestanden i Kaldbergsvatnet», prosjektnotat 96, 2018. Dette er et tiltak som grunneiere er informert om. Konklusjonen fra undersøkelsen var at vannet er produktivt, men at gytebestanden er nedfisket. Viktigste gyteområde er elv som leder inn til Kaldbergsvatnet, ikke ut av vannet nært vannrør. Kaldbergsvatnet er et typisk surt vann pga. omliggende myrområder. Hvert år tilsetter søker 25 – 30 tonn kalk for å motvirke forsuring av vannet og forverring av miljøforhold for fiskebestand.

Søker har privatrettslige avtaler med grunneiere gjeldende bruk av Kaldbergsvatnet. Søker har også anledning til vedlikehold av utstyr og inngrep for ivaretaking av sikker drift/tilgang på vann. Hva angår senking av vannivå så legger gjeldende avtaler ingen begrensninger på nedtapping. Nivå av nedtapping påvirker den økonomiske kompensasjonen til grunneiere. Videre har søker anledning til etablering av betongdam, hvilket ikke har blitt utført. Det foreligger i dag en jord/steinvoll ved utløpet etablert ca. år 1986, godkjent av alle berørte parter. Denne har i dag samme høyde, men ble eksteriørmessig påvirket ved nødvendig vedlikehold/utskifting av vannrør ut av Kaldbergsvatnet år 2018 - 2019.

Søker har ingen planer om jevnlig å tappe ned Kaldbergsvatet med 1,5 meter. Som det fremgår av søknaden, har selskapet ingen slike hensikter og det er beskrevet tiltak for å motvirke unødig nedtapping.

Hva angår søkers veiforbindelse til Kaldbergsvatnet så er denne plassert på grunneier Svein Aakvik og berører ingen andre. Vannrør fra Kaldbergsvatnet er plassert i selve veien.

#### **Kommentar til minstevannføring**

I perioder med lite nedbør og tilsig til Kaldbergsvatnet medfører søkers vannforbruk forlenget varighet på lav vannføring i øvre del Kaldbergselva. Det er ikke tilfelle at det alltid har vært kontinuerlig vannføring i øvre del av Kaldbergselva med opprettholdelse av såkalt vannmiljø. Uavhengig av søkers vannforbruk har alltid opphør i nedbør og tilsig medført stopp i overløpet ut fra vannet, og øvre del av elven tørrlegges.

Selv i tørre perioder er det overraskende godt med vann i midtre og nedre del av Kaldbergselva. Dette vannet stammer fra store skogs- og myrområder med helning mot elva.

Å innføre krav om minstevannføring i øvre del av Kaldbergselva medfører raskere nedtapping av Kaldbergsvatnet i tørre perioder og vil være uheldig. Videre vil dette bli en kunstig vanning av øvre del av elven i de periodene av året det er lite nedbør.

#### **Vedrørende ekspropriasjon**

Det er en misforståelse at søker skal ekspropriere seg til rettigheter i Kaldbergsvatnet. Som det fremgår av søknaden med vedlegg foreligger det avtaler på uttak av vann mellom søker og grunneiere. Det blir ikke omsøkt andre rettigheter enn hva som allerede foreligger. I den grad søknaden medfører en endring så gjelder denne en svakt økt maksimalkapasitet for vannuttak.

Begrepet ekspropriasjon er tatt med av hensyn til eventuelle krav om avtaler med grunneiere langs Kaldbergselva. Det foreligger ikke avtaler gjeldende Kaldbergselven per i dag og ingen grunneiere har fremsatt krav om avtaler gjeldende elven fra Kaldbergsvatnet.»

### **Merknader innkomne etter synfaring**

Det vart halde synfaring den 07.10.2020, der området med Kaldbergsvatnet vart synfare. Under synfaringa vart det gitt høve til å komme med supplerande merknadar innan tre veker.

NVE har motteke følgjande merknader til søknaden etter synfaringa:

#### **Tilleggsuttale frå Statsforvaltaren i Trøndelag**

Statsforvaltaren meiner at gamal røytrase må fjernast. Statsforvaltaren viser til at røytrasear som ikkje lenger vert nytta er å rekne som avfall, og vert omfatta av ureiningslova § 28 om forbod mot forsøpling. Gamle røytrasear kan også fungere som drenering i terrenget, og dermed påverke naturmiljøet negativt. Statsforvaltaren si generelle oppfatning er at gamle røytrasear må fjernast, anten som eit vilkår i ein eventuell konsesjon, eller som eit vedtak fatta av Heim kommune etter ureiningslova § 37.

Statsforvaltaren viser til at kalking av vassdrag er søknadspliktig og må ha løyve etter ureiningslova. Rette myndigheit er Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren meiner at gytemoglegheitene for fisk i Kaldbergsvatnet må avklarast. Statsforvaltaren viser til vassforskrifta § 4 og meiner at det må vere eit mål å sikre gytemoglegheiter for fisk frå Kaldbergsvatnet. Dersom gytemoglegheitene i Kaldbergsvatnet og Kallbergselva ikkje kan takast vare på med dagens eller omsøkt vassuttak, vert NVE oppmoda om å behandle saka etter vassforskrifta § 12, då vassuttaket inneber ei påverking som forringar miljøltilstanden i vassførekomsten, særleg med tanke på fisk. Det må då vurderast om Kaldbergsvatnet og utløpselva må vurderast som sterkt modifiserte vassførekomst, med reduserte miljømål, jf. § 10 i vassforskrifta.

#### **Tilleggsuttale frå Odny Hestnes på vegne av eigarane av eigedommen «Rabben».**

Eigarane av eigedom Rabben er ueinig i Lerøy Midt si vurdering av verknader av tiltaket. Dei meiner at allmenne interesser i stor grad vil bli påverka av tiltaket. Eigarane er ueinig med Lerøy Midt si tolking av fiskerapporten frå NINA, der Lerøy Midt viser til at det er overfiske som er årsaka til fiskenedgangen. Eigarane viser til at viktigaste årsak til nedgang er at det er dårleg med gyte- og oppvekstområde for aure i tilløps- og utløpsbekkar, noko dei meiner Lerøy Aakvik i høg grad er medansvarleg for. På bakgrunn av dette meiner eigarane at ei ytterlegare senking av vasstand på meir enn ein meter i forhold til dagens nivå er uakseptabelt ut frå allmenne interesser, då den negative påverkinga allereie er altfor stor. Eigarane viser til at den gamle røyrgata er å betrakte som avfall, og dei krev at denne vert fjerna. Dei viser vidare til at det under synfaringa kom fram at Lerøy ønsker å senke vasstanden framfor å ta i bruk vassparande tiltak, då dette vert hevda å vere kostbart for selskapet. Dei synast det blir feil at relativt avgrensa økonomiske kostnader for Lerøy, skal vege tyngre enn å øydeleggje verdifulle naturressursar. Eigarane viser til konsesjonssøknaden der det står at vassparande tiltak kan settast inn ved vasstand kote 125, noko som er ein meter lågare enn normaltilstanden på kote 126. Dei er av den oppfatning at vassparande tiltak bør nyttast som ei permanent ordning, og at Lerøy ikkje bør få løyve til å senke vasstanden meir enn 0,5 m under normalnivå i tråd med dagens grunneigaravtalar.

### **3.1 Tilleggsopplysningar**

Søklar ettersendte den 08.10.2020 resultat frå prøvafiske i Kaldbergsvatnet utført av NINA. Prosjektnotat 96 - Status for fiskebestanden i Kaldbergsvatnet, Halså.

## 4 NVE si vurdering

Det omsøkte tiltaket gjeld vidareføring og formalisering av vassuttak frå Kaldbergsvatnet. Anlegget er basert på gjennomstrøyming med moglegheit for noko intern resirkulering og gjenbruk av vatn. Vatnet skal brukast til produksjon av rogn og 400 000 yngel frå stamfisk av laks. Dei fysiske inngrepa er allereie etablert, men det er søkt om å auke reguleringa frå dagens praktisering med inntil 0,5 m til 1,5 m.

NVE behandlar vassuttak, regulering, og infrastruktur frå inntak og fram til settefiskanlegget (inntak, dam og vassveg). Framføring av veg er tidlegare behandla av kommunen.


### 4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 4,2 km<sup>2</sup> ved inntaket og middelvassføringa er av søkjar berekna til 194 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 18,3 %. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande haust- og vinterflaumar. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 20 og 39 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 26 l/s.

Bjørnavatnet som ligg i nedbørfeltet til Kaldbergsvatnet har vore regulert som drikkevasskjelde for Halsabygda Vassverk sidan 1970-tallet. Vassverket har eit gjennomsnittleg vassuttak på 9 l/s, noko som gir tilsvarande redusert vassføring i Bjørnavasselta som er innlaupselv til Kaldbergsvatnet.

Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 118 l/s (7,1 m<sup>3</sup>/min), med eit samla uttak over året på 2,6 mill. m<sup>3</sup>/år. Dette utgjør eit gjennomsnittleg uttak over året på 82 l/s (4,92 m<sup>3</sup>/min). Det er ikkje foreslått slepp av minstevassføring.

Dagens anlegg tar inn stamfisk for stryking og vidare produksjon av rogn og yngel som blir levert vidare til eigne settefiskanlegg. Vassforbruket i avdelingane med rogn og yngel er stabil over året på høvesvis 900 og 200 l/min (15 l/s og 3,33 l/s). Vassforbruk utover dette vert styrt av kor mykje stamfisk som er i anlegget, og varierer frå ingenting i ein periode på våren utan stamfisk til 100 l/s (6 000 l/min) i perioden frå slutten av mai til starten av september. Det samla vassforbruket til anlegget over året er vist i figur 1.



*Figur 1: Samla bruk av ferskvatn i anlegget over året. Stipla kurve viser vassforbruk med tiltak for å spare vatn i perioden med høgast forbruk av vatn.*

Anlegget kan redusere bruk av ferskvatn ved å justere innblanding av sjøvatn, justere tidspunkt for stamfiskens sin overgang til ferskvatn, samt intern resirkulering av vatn, gjenbruk av vatn og reduksjon i vassstemperatur. På denne måten kan vassbehovet reduserast med inntil 30 %. Dette fører til at i sommarperioden, då forbruk av vatn er høgast, kan heile anlegget drivast på 82 l/s (5000 l/min). Det kan også settast i verk vassparande tiltak til andre tider på året dersom dette vert naudsynt.

Vassparande tiltak, med eit maks uttak på sommaren på 82 l/s, vil bli satt inn når magasinvasstanden nærmar seg kote 125. Ved høgare vasstandar ynskjer Lerøy Midt å nytte inntil 118 l/s (7100 l/min) for å spare kostnadar til resirkulering og kjøling samt optimalisere behovet for innblanding av sjøvatn og tidspunkt for overgangar til/frå ferskvatn.

Det er satt opp ein simuleringsmodell for berekning av tilsig, vasstand, tapping og avløp frå Kaldbergsvatnet. Vassbehovet som er lagt til grunn i simuleringane varierer frå ca. 20 l/s i slutten av mars/start av april til ca. 118 l/s frå siste halvdel av mai og til september (jf. figur 1). Gjennomsnittleg uttak over året er på 82 l/s. I periodar det er tørt, har anlegget moglegheit for ein mellombels reduksjon i vassuttak som vist i Figur 1. Reduksjonen i uttak av vatn er i simuleringane forutsett iverksett når vasstanden går under kote 125,3. Ved ei slik innføring av vassparande tiltak vil magasinet ikkje gå under kote 125,0 i nokon av åra i simuleringsperioden (1989-2016).

Det hydrologiske grunnlaget viser at vassføringa ut av Kaldbergsvatnet, med anlegget i drift, har gått noko ned samanlikna med naturtilstanden særleg på sommaren då tilsiget er lågast og uttak av vatn er høgast. Kombinasjonen av lågt tilsig og relativt høgt uttak av vatn om sommaren gjer dette til perioden då magasinet i størst grad er seinka under HRV, og sjølv i fuktige år må det påreknast ei viss tapping av magasinet i tørre periodar på sommaren. Forskjellen er størst i dei tørraste åra. Dagar med nedtappa vasstand under HRV ved dagens situasjon er berekna til 51 dagar i eit fuktig år, 103 dagar i eit normalt år og 276 dagar i eit tørt år.

Eit settefiskanlegg er heilt avhengig av å ha ein magasinert vassreserve i tørre periodar. For å avgrense nedtapping av Kaldbergsvatnet, samt hyppigheit og varigheit av låge vasstandar i Kaldbergsvatnet vil Lerøy Aakvik som avbøtande tiltak innføre vassparande tiltak når magasinvasstanden er på kote 125,5. Dei hydrologiske berekningane viser at magasinet ikkje vil gå under kote 125,0 i nokon av åra i simuleringsperioden (1989-2016).

Det vert opplyst at gjennomsnittleg restvassføring ut av Kaldbergsvatnet etter utbygging vert på 100 l/s, dette utgjer 56 % av naturleg vassføring. Ned mot sjøen bidrar lokalfeltet med eit uregulert tilsig på i gjennomsnitt 210 l/s, som gir ei restvassføring ved utløp til sjø på 310 l/s, som tilsvarar 79 % av naturleg vassføring. Lerøy Aakvik meiner at det ikkje er nødvendig med slepp av minstevassføring ettersom det vert tatt ut relativt lite vatn frå Kaldbergsvatnet, og restvassføringa på dei ulike delstrekningane i Kalbergselva i gjennomsnitt blir frå 56-79 % av naturleg vassføring. Lerøy Aakvik viser også til at vassdraget er tilpassa eit vassuttak frå Kaldbergsvatnet sidan 1986. Eit eventuelt slepp av minstevassføring vil gjere produksjonen vanskelegare, då slepp av minstevassføring i praksis vil krevje alt tilsiget i tørre periodar, som er samanfallande med kritiske periodar for anlegget.

I høyringsrunda har fleire av høyringspartane merknader til regulering av Kaldbergsvatnet og dei omsøkte reguleringshøgden. Det vert vist til at dagens regulering av Kaldbergsvatnet med 0,5 meter gir negative effektar for bruken av innsjøen og utøving av fiske. Basert på erfaringar med regulering av vatnet er det fleire som meiner at reguleringshøgda må avgrensast til 0,5 meter.

NVE vurderer ut frå høyringsuttalane og erfaringane med regulering av Kaldbergsvatnet, at ei auke i regulering frå dagens 0,5 m til ei regulering på 1,5 meter, i for stor grad vil påverke allmenne interesser. NVE vurderer at ein liten auke i reguleringa til ei regulering på 0,75 meter kan akseptierast for å styrke reguleringskapasiteten. NVE vurderer samstundes at vassparande tiltak må nyttast og at maks uttak ikkje bør vere høgare enn 82 l/s for å ha tilstrekkeleg magasiningskapasitet ved ei regulering på

0,75 meter. Ei regulering på 0,75 meter gir eit magasinvolym på ca. 0,48 mill. m<sup>3</sup>. Ved 0,75 meter regulering og eit maksimalt uttak på 82 l/s gir dette ein magasinreserve på om lag 68 dagar utan tilsig. NVE vurderer at magasin kapasiteten kan vere noko knapp i langvarige tørrperiodar, men med ein driftsstrategi der ein nyttar vassparande tiltak vil dette kunne sikre stabil vassforsyning gjennom heile året også i tørrår.

## 4.2 Naturmangfald

Norconsult har gjort ei samanstilling av eksisterande kunnskap innan førekomst av artar, status for raudlisteartar og, viktige naturtypar.

### 4.2.1 Terrestrisk miljø

Vegetasjonen i området er vanleg førekommande utan særleg viktige naturtypar. Her er og ein del menneskepåverka natur som drenert og tilplanta granfelt. Det er hjort og ulike typar skogsfugl i området, og det vart registrert storlom i Kaldbergsvatnet i 2003. Det er ikkje registrert raudlista artar knytt til terrestrisk miljø.

Det er ikkje kjent om det har vore hekking av storlom i Kaldbergsvatnet dei seinare åra, men ein antek at hekkande storlom kan førekomme. Storlom er svært ømfintleg for variasjonar i vasstand i rugetida. Ved heving av vasstanden blir egg lagt i vasskanten lett oversvømt, og ved seinking av vasstanden kan det vere vanskeleg for lomen å nå reiret på grunn av større avstand frå vatnet. Dei fleste episodane med seinking av Kaldbergsvatnet skjer utover sommaren, med heving av vasstanden igjen på seinsommaren eller tidleg haust. Dette reduserer faren for at egg blir oversvømt, då heving av vasstand truleg vil inntreffe etter at ungane har forlate reiret. Det kan likevel ikkje utelukkast at episodar med heving av vasstand kan inntreffe i rugeperioden enkelte år. Norconsult vurderer at hekkeforholda for storlom ved Kaldbergsvatnet truleg er noko forringa som følge av reguleringa.

Det er ikkje registrert naturtypar med vassavhengig vegetasjon langs elva. Den reduserte vassføringa i elva vil difor ikkje påverke viktige naturmiljø langs elvestrengen. I søknaden er det terrestrisk miljø vurdert å ha låg verdi og konsekvensen er vurdert til å vere lite negativ.

Statsforvaltaren meiner at gamal røyrtrase er å betrakte som avfall og viser til at gamle røyrtrasear kan fungere som drenering i terrenget, og dermed påverke naturmiljøet negativt. NVE er samd i denne vurderinga og set som vilkår til konsesjonen at gamal røyrgate må fjernast.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre, og føresetnad om at reguleringa vert avgrensa til 0,75 meter og gamal røyrgate vert fjerna, vurderer NVE at terrestrisk miljø i liten grad vert påverka.

### 4.2.2 Akvatisk miljø

Kaldbergsvatnet og Bjørnavatnet var tidlegare kjent som gode fiskevatn. Det har blitt fiska aure og røye av lokalbefolkninga, men på 90-talet gjekk fangstane sterkt tilbake. Grunneigarlaget sette derfor i gang ei rekke undersøkingar og prøvafiske med mål om å finne årsaka til tilbakegangen. Dei iverksette også tiltak som igjen kunne auke fiskeproduksjonen i begge vatna. I Kaldbergsvatnet er det gjennomført fiskeundersøkingar i 1989 og 1991 (Raddum 1991), 1996 (Meisingset, Moen og Gjul 1996) og 1999 (Meisingset og Oterholm 1999a). NINA gjennomførte, på oppdrag frå Lerøy Midt, prøvafiske med vurdering av status for fiskebestanden i Kaldbergsvatnet i 2018.

I følge Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (i Meisingset, Moen og Gjul 1996) skal det vere aure, røye, stingsild og ål i Kaldbergsvatnet. Ved prøvafiske utført av NINA i 2018 vart det berre registrert aure og trepigga stingsild. NINA viser til at deira prøvafiske tyder på at røya i Kaldbergsvatnet høgst sannsynleg har døydd ut. Raddum (1991) påviste rekrutteringssvikt hos røya allereie for nesten 30 år sidan, og diskuterte moglege årsaker til dette. Han omtalte mellom anna at grøfting av myrer i nedbørfeltet kan ha ført til auka tilførsel av organiske partiklar som vert avleira på botnen og skadar oksygenforholda på røya sine gyte plassar. NINA viser til at dei ikkje kan seie med sikkerheit om dette

er årsaka i Kaldbergsvatnet, men liknande forklaringar er foreslått i andre innsjøar der røyebestanden har gått tilbake eller har døydd ut.

Alle fiskeundersøkingane konkluderer med at Kaldbergsvatnet har ein tynn bestand av aure. Dette skuldast hovudsakeleg dårlege rekrutteringsforhold for auren. Det vert og trekt fram at beskatninga kan vere for stor. Den viktigaste årsaka er likevel at det er dårleg med gyte- og oppvekstområde for aure i tillauvs- og utlaupsbekkar. I tilløpsbekkar til Kaldbergsvatnet er det berre dei nedste metrane av Bjønnavassselva som er eigna og har tilgjengeleg gyteområde. Alle fiskeundersøkingane peikar på at svikten i rekruttering av aure vert antatt å skuldast tørrlegging av gyte- og oppvekstområde i Bjønnavassselva. Bjørnavatnet er regulert som drikkevasskjelde, og det vert tatt ut i gjennomsnitt ni liter per sekund til dette føremålet. I periodar med ein uheldig kombinasjon av tørt ver (lite tilsig) og stort uttak til drikkevatt kan truleg elva bli nesten tørr.

Nettopp å betre gytemoglegheitene for fisk i Bjønnavassselva er trekt fram som eit mogleg tiltak for å sikre gytemoglegheitene for fisk i Kaldbergsvatnet. Det vert opplyst at det vart gjort tiltak med dette føremålet i Bjønnavassselva på 1990-tallet og at dette gav ei lita forbetring i rekrutteringsforholda for aure i Kaldbergsvatnet med en større andel yngre fisk ved undersøkinga i 1999. NINA meiner det er behov for å vurdere korleis dette ser ut i dag, og om det er behov for nye fysiske tiltak, slik at fisk frå Kaldbergsvatnet kan vandre lenger opp i elva der det er registrert å vere noko gytegrus av akseptabel kvalitet. Effekten av eit slikt tiltak er samtidig avhengig av at det vert innført ei minstevassføring i Bjønnavassselva.

Meisingset og Oterholm (1999a) nemner at terskelen i utløpet av Kaldbergsvatnet, som vart etablert i samband med vassuttaket til akvakulturanlegget, har medført at Kallbergselva er ueigna som gyte- og oppvekstområde for aure. Dei skriv samstundes at det ut frå elva si utforming er lite truleg at utløpselva har vore viktig som gyte- og oppvekstområde. NINA meiner at utløpselva ikkje er eigna som gyteelv for aure frå vatnet, sjølv om det vert gjort tiltak som betrar fisken sine moglegheiter til å vandre ned og opp i utløpet, då den har svært grovt substrat (stor stein), og dessutan fell svært bratt etter ca. 100 m. Det er småvaksen bekkeare i Kallbergselva, men det er ikkje kjent om det er ein eigen gytebestand i elva, eller om dette er små aurar som slepp seg ned frå vatnet.

Det er ikkje registrert førekomst av anadrom fisk i Kallbergselva (Lakseregisteret.no), og grunneigar kjenner heller ikkje til at det er anadrom fisk i elva. Om lag 50 meter frå sjøen stig elva relativt bratt og går over i stryk og mindre fossefall. Under synfaring vart det vurdert at fisk kunne vandre eit kort stykke, men endeleg vandringshinder var vanskeleg å fastslå. Elva har i nedre delar eit grovt substrat med mykje stor stein og lite eigna gyte- og oppvekstområde. NVE vurderer at elva har låg/ingen verdi for anadrom fisk.

I Artskart ligg det registrering av ål i Bjørnavatnet, og det er også ål i Kaldbergsvatnet. I den nye raudlista av 2021 har ål fått endra status frå sårbar (VU) til sterkt trua (EN) på grunn av populasjonsnedgang. Ålen nyttar innsjøane som oppvekstområde, og elvestrekningane i mindre elver vil i første rekkje utgjere vandringsveggar. For Kallbergselva er den mest kritiske elvestrekninga mellom Kaldbergsmyrane til Kaldbergsvatnet, ei strekning på ca. 1000 meter, som tidvis vert tørrlagt dersom det ikkje er overlaup ved Kaldbergsvatnet. For å kunne vandre frå sjøen og opp til Kaldbergsvatnet og Bjørnavatnet vil ålen vere avhengig av overlaup eller flaumar som er store nok til å ha effekt på vassføringa. Ei redusert regulering/nedtapping vil gi oftare overlaup. Ålen kan vandre ved låg vassføring eller lite vatn, men det er kjent at ålen si vandring helst skjer ved nedbørperiodar sommar og haust med auka/høg vassføring. Alminneleg lågvassføring, som er ei mykje brukt minstevassføring, er ei svært låg vassføring som vanlegvis er lite eigna for oppvandring/nedvandring av fisk.

Planlagt vassuttak med auka regulering, og utan slepp av minstevassføring, vil i stor grad redusere vassføringa i Kallbergselva. Redusert vassdekt areal og vassvolum vil gi negativ effekt på fiskevandring og fiskeproduksjon. Slepp av minstevassføring vil auke dei lågaste og mest kritiske vassføringane gjennom året. Dette vil gjere seg mest gjeldande i øvre del av Kallbergselva, då

restfeltet til Kalbergselva bidreg med naturleg restvassføring som aukar nedover i vassdraget. Slepp av minstevassføring vil samtidig ta noko av magasinkapasiteten som kan gi noko auka nedtapping og seinare/mindre overlaup.

Statsforvaltaren meiner at det bør etablerast minstevassføring i Kaldbergelva. Trøndelag fylkeskommune ber NVE vurdere om det er eit alternativ å demme opp innsjøen meir, for å få ei høgare minstevassføring. I høyringsrunda elles var det ingen større merknadar knytt til slepp av minstevassføring. Nokre av høyringsuttalane frå grunneigarar og privatpersonar viste til betydelege negative verknadar av reguleringa av Kaldbergvatnet. Fleirtalet av dei lokale høyringsuttalane gav uttrykk for at dei ikkje ynskte noko auke i regulering ut over dagens praksis på 0,5 meter.

Ut frå informasjon frå søknad, fiskerapport og synfaring vurderer NVE at Kallbergelva har ein viktig funksjon som vandringsveg for ål, men at elva elles har avgrensa verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. NVE vurderer at eit slepp av minstevassføring kring alminneleg lågvassføring truleg er ei for låg vassføring til å sikre vandringsvegen for ål forbi det bratte partiet frå Kaldbergmyrane til Kaldbergvatnet. NVE vurderer at ved ei redusert regulering vil ål truleg kunne vandre ved nedbørsperiodar med auka/høg vassføring og overlaup over dammen. NVE vurderer at det i dei aller fleste år vil vere mindre flaumtoppar som vil sikre oppvandring av ål i perioden august-oktober dersom nedtapping og uttak av vatn vert avgrensa. For å sikre høgast mogleg vasstand med større sannsyn for tilstrekkeleg overlaup i nedbørsperiodar til at ål kan vandre, vurderer NVE at beste løysinga er å freiste å oppretthalde høg vasstand i Kaldbergvatnet ved å ikkje setje noko krav til slepp av minstevassføring. Dette føreset også at regulering av vatnet vert avgrensa til 0,75 meter og at maks uttak av vatn vert 82 l/s.

NVE vurderer at ei noko redusert regulering og uttak av vatn vil avbøte noko av dei negative verknadane ovanfor fisk, storlom og andre vasstilknytte artar.

#### 4.2.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om regulering og uttak av vatn frå Kaldbergvatnet legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, fiskerapport, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 26.01.2022. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Lerøy Midt AS si regulering og vassuttak frå vassdraget finst det ål (EN). Det er elles ikkje registrert raudlista artar eller viktige naturtypar som vert direkte påverka av tiltaket. Ei eventuell utbygging av vassdraget vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, dersom vandringsvegen for ål vert oppretthalde med årlege overlaup/flaumvassføringar om hausten. Dette føreset at reguleringa av Kaldbergvatnet vert avgrensa til 0,75 meter og maks uttak av vatn vert 82 l/s.

NVE har også sett påverknaden frå reguleringa og vassuttaket i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

### **4.3 Landskap, friluftsliv og brukarinteresser**

Det ligg fleire hytter ved Kaldbergsvatnet, inkludert på to av holmane i vatnet. Sjølve vatnet vert nytta til fritidsfiske, og områda rundt vatnet er godt eigna til turgåing. Områda rundt vatnet har enkel tilkomst på grunn av vegen fram til vatnet, og fleire traktorveggar og stiar i området. Oppover Kallbergdalen er det enkel tilkomst til parkeringsplassen ved Kaldberget. Herifrå går det traktorveg med lite stigning innover dalen langs elva over Kallbergsmyrane. Det siste stykket oppover til vatnet er det lite ferdsel langs elva, og meir naturleg å følge gamle traktorveggar mot Løviksetra. Kallbergselva er ikkje eigna til fiske. Det blir drive hjortejakt i området, og området er godt eigna til dette.

For ferdsel på og ved Kaldbergsvatnet vil reguleringssona vere merkbar om vatnet er nedtappa meir enn nokre titals centimeter. Ved nedtappingar ned mot ein meter vil reguleringssona bli særleg synleg, og kan verke skjemma for dei som ferdast i området, særleg i dei sørlege delane av vatnet med grunnare område. Utsikta ned til vatnet frå dei omkringliggande områda og høgdedraga vil variere avhengig av tettleik av skog i området. Attraktiviteten kan vere noko dårlegare for periodane med mest nedtappa vatn. Slike forhold inntreff normalt berre i dei tørraste åra.

For brukarane av hyttene på holmane i vatnet har dagens regulering gitt utfordringar med tørrlagde areal og tilkomst til hyttene. Ei ytterlegare nedtapping til 1,5 m under HRV vil gi store problem for tilkomsten til desse hyttene.

Langs Kallbergselva er det lite ferdsel i området nærast utløpet av vatnet der vassføringa blir mest redusert. Over Kallbergsmyrane der traktorvegen følgjer elva er elva kanalisert, og dannar ikkje eit like spanande element i naturen. Her har det også komme til ein del restvassføring. Reduksjonen i vassføring i Kallbergselva vil ikkje medføre endringar i bruksområde eller tilgjengelegheit. For Kallbergselva kan tiltaket føre til noko negativ påverknad på attraktiviteten av området som følge av redusert vassføring.

I rapporten frå Norconsult blir tiltaket vurdert samla sett til å ha lite negativt omfang, og dermed liten negativ konsekvens.

I høyringsrunden har det komme fram at regulering av Kaldbergsvatnet har gitt negative verknadar for bruken av området og utøving av fiske. Ein auke i regulering frå dagens 0,5 til omsøkte 1,5 meter, vil gi store negative verknadar for friluftslivsinteressene. For å avgrense verknaden for landskap, friluftsliv og brukarinteressene meiner NVE at reguleringa må avgrensast til 0,75 meter.

### **4.4 Kulturminne**

Det er ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar.

### **4.5 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima**

Det er vurdert at omsøkt tiltak ikkje vil føre til større endringar for vasstemperatur, isforhold og lokalklima.

### **4.6 Flaum og erosjon**

Naturleg døgnmiddelflaum og 10-årsflaum frå Kaldbergsvatnet er berekna til høvesvis ca. 1,4 og 2,0 m<sup>3</sup>/s, og ved utløpet i sjøen til høvesvis. ca. 4,6 og 6,7 m<sup>3</sup>/s. Fråført vassmengd vil gi ein liten reduksjon i flaumvassføringane. Regulering av Kaldbergsvatnet har gitt ein effekt på flaumvassføringar nedstraums, der særleg kortvarige og intense flaumar og startfasen av større flaumar vil bli helde tilbake i magasinet. Dette vil skje i situasjonar der vasstanden er nedtappa når flaumen startar.

Regulering av Kaldbergsvatnet er venta å ha gitt utvasking av finsediment og noko erosjon i reguleringssona samanlikna med uregulert tilstand. Det er liten grunn til å tru at erosjonen i vassdraget nedstraums Kaldbergsvatnet har vore særleg stor i naturtilstanden, då Kaldbergsvatnet også naturleg gir ein dempende effekt på flaumvassføringane i vassdraget. I den grad det har vore endringar i erosjonen, vil den ha blitt litt redusert på grunn av ein liten reduksjon av flaumvassføringane. NVE vurderer at tiltaket ikkje vil gi større negativ konsekvens for flaum og erosjon.

#### **4.7 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser**

Bjørnavatnet som ligg i nedbørfeltet til Kaldbergsvatnet har vore regulert som drikkevasskjelde for Halsabygda Vassverk sidan 1970-tallet. Vassverket har eit gjennomsnittleg vassuttak på 9 l/s, noko som gir tilsvarande redusert vassføring i Bjørnavasselva som er innlaupselv til Kaldbergsvatnet. Det er i følge søknaden etablert eit privat uttak av vatn til seks husstandar frå Kaldbergsvatnet. Det er elles ingen andre kjente uttak av vatn til drikkevatt, jordvatning eller anna bruk i tiltaksområdet som kan bli påverka av tiltaket.

#### **4.8 Samfunnsmessige fordelar**

Anlegget bidrar i dag med 10 årsverk, og gir skatteinntekter til stat og kommune.

#### **4.9 Oppsummering**

NVE legg vekt på at ei utbygging av Lerøy Midt sitt anlegg vil gi produksjon av rogn og yngel, og bidra til auke i verdiskaping lokalt og i regionen. Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta til landbasert oppdrett sidan 1986. NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess.

NVE vurderer ut frå høyringsuttalane og erfaring med regulering av Kaldbergsvatnet, at dei største ulempene er knytt til regulering av innsjøen. Dette gir negative verknader for friluftsliv og bruk av området. NVE vurderer at ei auke i regulering frå dagens 0,5 m til ei regulering på 1,5 meter, i stor grad vil påverke allmenne interesser. NVE meiner at ein liten auke i reguleringa til ei regulering på 0,75 meter kan akseptast for å styrke reguleringskapasiteten. NVE vurderer samstundes at maks uttak ikkje bør vere høgare enn 82 l/s for å ha tilstrekkeleg magasinkapasitet ved ei regulering på 0,75 meter.

Tiltaket sin verknad for biologisk mangfald er også vektlagt. Det vandrar ål (EN) opp i vassdraget. Med ei reguleringshøgde på 0,75 m, vurderer NVE at det vert overlaup over dammen som vil sikre opp- og nedvandring av ål. NVE meiner at den beste løysinga for å sikre at ål kan vandre vil vere å prøve å oppretthalde høg vasstand i Kaldbergsvatnet, slik at ein får godt med overløp i nedbørsperiodar. Å halde høg vasstand vil også vere positivt for friluftinteressene. Difor vil ikkje NVE setje krav til slepp av minstevassføring.

## 5 NVE sin konklusjon

NVE meiner at den omsøkte reguleringa av Kaldbergsvatnet er stor, og at fordelane ved tiltaket ikkje overstig skadar og ulemper for allmenne interesser. NVE meiner at ved å avgrense reguleringa av Kaldbergsvatnet til 0,75 meter og avgrense største uttak av vatn til 82 l/s, vil konfliktgraden bli redusert og kravet i vassressurslova § 25 vil då vere tilfredsstilt.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane, med ei redusert regulering og eit redusert vassuttak i høve søknaden, er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Midt AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Kaldbergsvatnet. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

## 6 Forholdet til anna lovverk

### 6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

*Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta)* gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

### 6.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter forureiningslova.

### 6.3 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av produksjon av rogn og yngel med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

## 7 Ekspropriasjon

Lerøy Midt AS har søkt om løyve etter oreigningslova § 2 til ekspropriasjon av areal og naudsynte rettar dersom dei ikkje lukkast i å inngå minnelege avtalar med grunneigarar før utbygging. Det er ikkje søkt om førehandstiltreding (jf. § 25).

Ekspropriasjon inneber at ein grunneigar/rettshavar må gi frå seg eigendomsretten eller andre rettigheiter utan å godta dette frivillig, mot at det i ei seinare skjønssak vert fastsett erstatning. Dette vil kunne skje dersom grunneigar/rettshavar og søkar ikkje lukkast i å forhandle seg fram til minnelege avtalar om å avstå grunn/rettigheiter.

Ekspropriasjon av areal og fallrettar til produksjon av rogn og yngel kan gjennomførast i medhald av oreigningslova § 2, nr. 54. NVE er etter forskrift av 02.06.1960, fastsett i medhald av oreigningslova § 5, delegert myndigheit til å samtykke til ekspropriasjon av dei rettार som er nødvendige der det er gitt konsesjon etter vassressurslova.

Dersom det skal gjevast samtykke til ekspropriasjon av rettार må tiltaket «tvillaust være til meir gagn enn skade». Før det vert gitt samtykke til ekspropriasjon skal det vere gjort forsøk på å inngå avtalar med den eller dei det skal eksproprierast rettार frå, jf. oreigningslova § 12.

Det er ikkje lagt fram informasjon/dokumentasjon på at det er gjort forsøk på å inngå avtalar med den eller dei det skal eksproprierast rettार frå.

Søkjår skriv følgjande i kommentarar til høyringsuttalane:

**«Vedrørende ekspropriasjon**

*Det er en misforståelse at søker skal ekspropriere seg til rettigheter i Kaldbergsvatnet. Som det fremgår av søknaden med vedlegg foreligger det avtaler på uttak av vann mellom søker og grunneiere. Det blir ikke omsøkt andre rettigheter enn hva som allerede foreligger. I den grad søknaden medfører en endring så gjelder denne en svakt økt maksimalkapasitet for vannuttak. Begrepet ekspropriasjon er tatt med av hensyn til eventuelle krav om avtaler med grunneiere langs Kaldbergselva. Det foreligger ikke avtaler gjeldende Kaldbergselven per i dag og ingen grunneiere har fremsatt krav om avtaler gjeldende elven fra Kaldbergsvatnet.».*

NVE vurderer ut frå dette at det ikkje er naudsynt å behandle søknaden om ekspropriasjon då dei privatrettslege forholda synast å vere avklart. Om dette ikkje stemmer, og det ikkje lukkast å forhandle seg fram til minnelege avtalar, må spørsmålet om ekspropriasjon takast opp på nytt.

## 8 Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

### 8.1.1 Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

Årleg tilsig til Kaldbergsvatnet etter uttak til vassverk	mill. m <sup>3</sup>	6,1
Middelvassføring	l/s	194
Alminneleg lågvassføring	l/s	26
Maksimalt vassuttak	l/s	82

### Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gitt av NVE (høgdesystem NN1954):

	HRV (kote)	LRV (kote)	Reguleringshøgde (m)
Kaldbergsvatnet	126,0	125,25	0,75

Tiltakshavar foreslår ei regulering av Kaldbergsvatnet med 1,5 meter mellom LRV kote 24,5 og HRV kote 26,0. Fleire av høyringspartane viser til at dagens regulering av Kaldbergsvatnet har gitt problem med bruken av området og utøving av fiske. Eit fleirtal av høyringspartane meiner at Kaldbergsvatnet ikkje bør seinkast meir enn 0,5 meter som svarar til dagens avtale mellom Lerøy Midt og grunneigarane.

NVE vurderer ut frå høyringsuttalane og erfaring med regulering av Kaldbergsvatnet, at dei største ulempene er knytt til regulering av innsjøen. Regulering av Kaldbergsvatnet gir negative verknader for friluftsliv og bruk av området. NVE vurderer at ei auke i regulering frå dagens 0,5 m til ei regulering på 1,5 meter, i for stor grad vil påverke allmenne interesser.

NVE meiner at ein liten auke i reguleringa til ei regulering på 0,75 meter kan akseptrast for å styrke reguleringskapasiteten. NVE vurderer samstundes at maks uttak ikkje bør vere høgare enn 82 l/s for å ha tilstrekkeleg magasinkapasitet ved ei regulering på 0,75 meter. Redusert reguleringshøgde vil også gi meir og hyppigare overlaup som gjer det mogleg for opp- og nedvandring av ål.

NVE fastset at Kaldbergsvatnet kan regulerast 0,75 meter mellom LRV kote 25,25 og HRV kote 26,0.

### Slepp av vatn

Det blir i dag ikkje sleppt minstevassføring til utløpselva og tiltakshavar har ikkje foreslått slepp av minstevassføring. Statsforvaltaren meiner at det bør etablerast minstevassføring i Kaldbergelva utan at denne er talfesta. Trøndelag fylkeskommune ber NVE vurdere om det er eit alternativ å demme opp innsjøen meir, for å få ei høgare minstevassføring. I høyringsrunda elles var det ingen større merknadar knytt til slepp av minstevassføring.

Kaldbergsvatnet har vore regulert sidan 1986 til produksjon av settefisk/stamfisk, og elva nedstraums har vore tørrlagt i periodar med nedtappa magasin. NVE vurderer at dei største verdiane er knytt til Kaldbergsvatnet og at eit krav om slepp av minstevassføring vil kunne føre til ei noko større og meir aktiv regulering av Kaldbergsvatnet.

NVE vurderer at Kallbergselva har ein viktig funksjon som vandringsveg for ål, men at elva elles har avgrensa verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk.

NVE vurderer at slepp av minstevassføring kring alminneleg lågvassføring kan vere ei for låg vassføring til å sikre vandringsvegen for ål forbi det bratte partiet frå Kaldbergsmyrn til Kaldbergsvatnet. NVE vurderer at ved ei redusert regulering vil ål truleg kunne vandre ved nedbørsperiodar med auka/høg vassføring og overlaup over dammen.

NVE meiner at ulempene ovanfor allmenne interesser ved ei større regulering til slepp av minstevassføring, slik Trøndelag fylkeskommune foreslår, vil vere større enn dei fordelane ein vil oppnå ved å sleppe minstevassføring. NVE meiner at den beste løysinga for å sikre at ål kan vandre vil vere å prøve å oppretthalde høg vasstand i Kaldbergsvatnet, slik at ein får godt med overløp i nedbørsperiodar. Med ei reguleringshøgde på 0,75 m og maks uttak av vatn på 82 l/s, vurderer NVE at det vert tilstrekkeleg med overlaup over dammen til å sikre opp- og nedvandring av ål.

NVE set difor ikkje krav til slepp av minstevassføring frå Kaldbergsvatnet.

#### 8.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar vassuttak, regulering, dam og eksisterande røyrleidningar. Veg frå Hønsvika til Kaldbergsvatnet er tidlegare behandla av kommunen.

Gamal røyrgate mellom Hønsvika og Kaldbergsvatnet skal fjernast. Eksisterande terskel/dam og område ikring må ryddast opp og settast i stand. Planar for fjerning av røyrgate og opprydding/istandsetting av eksisterande dam skal leggest fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Eksisterande inntak i Kaldbergsvatnet skal nyttast.
Vassveg	Eksisterande vassveg, som beskrive i søknaden, skal nyttast.
Største vassuttak	Maks uttak av vatn avgrensas til 82 l/s.
Veg	Det skal ikkje etablerast nye vegar. Eksisterande veg frå Hønsvika til Kaldbergsvatnet skal nyttast. Vegen vart godkjend av kommunen i 2018.
Anna	Gamal røyrgate mellom Hønsvika og Kaldbergsvatnet skal fjernast. Eksisterande terskel/dam og område ikring må ryddast opp og settast i stand. Planar for fjerning av røyrgate og opprydding/istandsetting av dam skal godkjennast av NVE.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av

detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

#### 8.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

#### 8.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslng av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

#### 8.1.5 Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig. Det kan t.d. vere aktuelt å gjere tiltak i bekken frå Bjønnavatnet for å styrke rekruttering av fisk til Kaldbergsvatnet. Det kan og vere aktuelt å gjere tiltak i utløpselva for å lette oppvandringsforholda for ål.

## 9 Andre forhold

### Fjerning av eldre røyrgate

Statsforvaltaren skriv i sin uttale følgjande om fjerning av den gamle røyrgata:

**«Gammel rørtrase må fjernes**

*Fylkesmannen mener at rørtraseer som ikke benyttes er å betrakte som avfall, som omfattes av forurensningslovens § 28 om forbud mot forsøpling. Gamle rørtraseer kan også fungere som drenering i terrenget, og dermed påvirke naturmiljøet negativt. Vår generelle oppfatning er at gamle rørtraseer må fjernes, enten som et vilkår i en evt. konsesjon, eller som et vedtak fattet av Heim kommune etter forurensningsloven § 37.»*

Vassveg/røyrgate er å betrakte som hjelpeanlegg og er ein del av vassdragstiltaket, og inngår såleis i NVE si konsesjonsbehandling av tiltaket. NVE er samd med Statsforvaltaren om at gamal røyrgate må fjernast. NVE set som vilkår at gamal rørtrase mellom Hønsvika og Kaldbergsvatnet skal fjernast. Plan skal godkjennast av NVE.

## 10 Vedlegg

### Oversiktskart med nedbørfelt



Nedbørfelt er teikna inn med svart heiltrekt linje. Restfelt er teikna inn med svart stipla linje. Røyrleidning er teikna inn med raud stipla linje.